



Føresette i dei kommunale barnehagane i Klepp

Saksnr
17/1223-333

Løpenr
8084/18

Arkivkode
A11

Avd/Sek/Saksh
OPP/OPP/KRA4

Dykkar ref

FORELDREBETALING - BARNEHAGANE FRÅ 1. SEPTEMBER 2018

	40 % - 2 dagar	60 % - 3 dagar	80% - 4 dagar	100 % - 5 dagar
Opphald	Kr. 1.780	Kr. 2.260	Kr. 2.737	Kr. 3.201
Matpengar	Kr. 126	Kr. 189	Kr. 252	Kr. 315

Makspris i barnehage, fastsett av regjeringa, er kr. 32.010 pr. år. Dette er i Klepp kommune fordelt på betaling i 10 månader, slik at juli og august vert betalingsfrie månader.

MODERASJONSORDNING

For alle

Regjeringa vedtok 17. april 2015 at ingen skal betala meir enn 6 % av husstanden si samla personlege inntekt i barnehagebetaling. Makspris, kr 32.010 pr. år, er nå beløpet som vert lagt til grunn, slik at den nye ordninga gjeld dei med ei samla personleg inntekt under **kr. 533 500**.

For sysken:

Dersom du har meir enn eitt barn i barnehage i same kommune, skal du ha reduksjon i foreldrebetalinga. Dette gjeld sjølv om barna går i ulike barnehagar. Reduksjonen for det andre barnet er 30 prosent, og for det tredje barnet og oppover er det 50 prosent reduksjon i foreldrebetalinga.

For 3, 4 og 5 åringar

Barn født i 2013, 2014, 2015 og barn med utsett skulestart har rett til 20 timar gratis opphald i barnehage pr. veke.

Dette gjeld for familiar/ hushaldningar som har ei samla inntekt på mindre enn **kr. 533 500**.

Korleis får du lågare foreldrebetaling:

For å få innvilga redusert foreldrebetaling for barnehageåret 2018/2019 må det sendast inn søknad om redusert foreldrebetaling. Skjema finn du på Klepp kommune si heimeside.

Dokumentasjon:

Skattemelding for 2017 må innsendast som dokumentasjon på inntekt.

For næringsdrivande må utskrift av likning leggest ved søknad som dokumentasjon.



Søknadsfrist 2018/2019

Dersom det vert levert krav om redusert foreldrebetaling i løpet av barnehageåret vil ein som hovudregel kun få redusert foreldrebetaling for etterfølgande månader.

Klepp kommune, 13.03.2018

Anne-Jorunn Bjørkum Leigvold
barnehagesjef

Kate Eiken Ravndal
saksbehandlar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.

Kopi til:
Kommunale barnehagane i Klepp